

# Ro, ro rikke

Barnevers etter Randi Skurtveit (1936 – 2013) frå Meland/Alver.

Ro, ro rik - ke, bå-t`n e` ei stik - ke. Mas-te va` ein strik-ke-pidn,  
7  
seg - le va` eit pøl - se-skinn, so seg - la vi fjo - r`n ut og inn.

Ro, ro rikke,  
båt`n e` ei stikke.  
Maste va` ein strikkepidn,  
segle va` eit pølseskinn,  
so segla vi fjar`n ut og inn.

Båt`n e` = båten er.

Maste = masta.

Va` = var.

Strikkepidn = strikkepinne.

So = så.

Fjar`n = fjorden.

## Randi Skurtveit (1936-2013)

var fødd Vikebø, og vaks opp i ein søskenflokk på fem på garden Åsebø i tidlegare Meland (no Alver kommune). Mormora hennar, Ingeborg Åmundsdotter Åsebø (f. Rossland, 1864-1948), hadde kår og budde saman med familien. På denne tida var det vanleg at dei sulla og song når dei arbeidde – både ute og inne, og slik lærte Randi mange songar etter mormora. I *Folkesongar i Hordaland* (Horvei, 1998) kan ein lesa korleis Randi minnest røysta hennar når dei skulle ta opp poteter eller når dei arbeidde med ulla om hausten. Også mor hennar, Maria Vikebø (f. Åsebø, 1906-1992) song; særleg når ho spann på rokken om vinterkveldane. Randi song inn fleire av songane ho lærte til Kjersti Møllerup Wiik i 1995. Desse songane finst arkivert ved Arne Bjørndals Samling. Randi vart gift med Olav Skurtveit (sjå kjeldeopplysningar om han). Dei fekk fire born og tok til seg seks fosterborn i tillegg. Randi var husmor og arbeidde som fjøsavløysar. Ho var også svært engasjert i politikk og lagsliv. Ho var aktiv i kommunestyret i Meland, heradsretten, skulekorps, samyrkelaget, husmorlag og idrettslag. Randi vart heidra med Kongens fortjenestemedalje i sølv i 2003 for sitt arbeid. Ho vart også same år tildelt Kulturrosa i Meland kommune. Randi fekk også Kvinneprisen i Meland i 2013 for sitt mangeårige engasjement for likestilling, inkludering og demokrati i Meland.

«**Ro, ro rikke**» er eit lite, tøysete barnevers for leik og moro. Det finst i svært mange ulike variantar, og det mest kjente i dag er nok «Ro, ro til fiskeskjær». I denne boka finn du fleire andre variantar: «Ro, ro te Baltaskjer» etter Anna Utne frå Fjell, «Ro, ro på fjord`n» etter Jenny Mathilde Olsnes frå Fedje og «Ro, ro te Siraland» etter Ingeborg Mjanger frå Masfjorden.